

## Uskedalen har fått sitt tredje røyrleggjarfirma



Johannes Feet – optimistisk røyrleggjar på eigen kjø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen har no fått sitt tredje røyrleggjarfirma - i tillegg til Eik Røyr og Uskedalen Røyrleggjarforretning: Johannes Feet (35) har for få dagar sidan starta på eigen kjø etter mange år i Husnes Røyr. Enkeltmannsforetaket har heimen hans på Leite som "base" og heiter Kvinnherad Røyr og Anleggsservice**

Johannes er frå Øvre Feet. Han har vore i røyrleggjarbransjen i 15 år og fagarbeidar i 10 av dei. Johannes har ikkje berre jobba i Kvinnherad, men også vore i aktivitet på store og mindre prosjekt på Stord og i Odde og Sauda. Men stort sett har han budd heime i Uskedalen.

- Kvifor valde du å satsa for deg sjølv?
  - Eg kom heilt enkelt til at tida var inne til å prøve noko nytt. 25. mars var første virkedag i det nye firmaet, der eger åleine. Eg har heller ingen planar om å ansetta nokon.
  - Var det ei tung avgjerd å takka farvel med eit firma som hadde ein stab på 20?
  - Å gjera noko slikt er jo alltid ein sjanse å ta. Men eg kom til at dette måtte vera det rette tidspunktet , med denstore aktiviteten som for tida pregar byggje- og anleggsbransjen.
  - Det er mange om beinet .....
  - Jau, men det er også mykje som skjer. Eg har fullt av oppdrag framover – i første omgang til månadsskiftet juni/juli. Dei største er fullføring av to større oppdrag for entreprenør Gunnar Røsseland – på Halsnøy og Huglo. Her i Uskedalen er eg engasjert av Ivar Gundersen med renovering av tre leilegheiter på Brekktoppen og har også to-tre småoppdrag i bygda.
- Og dette er utan at eg så langt har brukt ei krone på nokon form for marknadsføring, opplyser ein optimistisk Johannes Feet.

Av Ola Matti Mathisen



Etter 15 år i bransjen tykte Johannes Feet at det var på høg tid å freista noko nytt. (Foto: Ola Matti Mathisen)